

Notat frå oppsummeringsmøte i Herand Bygdelag etter turistsesongen 2016, og oppfølging i styret i Bygdelaget 13. september

5 september 2016 kl. 19 – 21 i Herand Kulturhus

Deltakarar og eventuell tilknytning til turisme:

- Sigmund Eiken, generelt interessert. Har snakka med Trym i Kramsjø og Marianne i kiosken
- Reidun og Gunnar Dalseth. Er vertar i Airbnb
- Marit Huus, bygdelagsstyret og tilsett i butikken
- Marna Roer, Landskapsparken
- Arjen Stolk, Bjørkhaug overnatting
- Alvhild Samland, Husflidskrokjen
- Sigrid Brattabø Handegard, Jondal kommune
- Kaia Gulbrandsen, Bakketun Overnatting.

Notatet er meir strukturert enn slik samtalen gjekk føre seg.

Erfaringar og oppsummering frå dei enkelte:

- Trym Klingenberg i Kramsjø (via Sigmund): Fornøgd med omsetjinga, med godt trykk når veret er bra. Sykkelturismen aukar. Kramsjø har hatt sykklar stasjonert på Utne. Ofte kan hurtigbåten ikkje ta med nok sykklar til returen (maks seks).
- Marianne Storli, kiosken (via Sigmund): Fornøgd med sesongen, omsetjinga har vore bra.
- Reidun og Gunnar Dalseth: Har leigd ut rom i andre etasje (sov, loftsstove, bad) på Airbnb, og er godt fornøgd. I periodar har det vore oppteke kvar natt. Airbnb fungerer godt, og Dalseth har arbeidd med å lage ein god profil med språkvaske tekst på engelsk. Har valt å ha fast pris på romet. Mange av gjestene går til Trolltunga
- Butikken: Observerer at stadig fleire turistar kjem i bubilar. Mange leiger bil (bubil eller vanleg bil) i Noreg. Inntrykket er at det har vore mindre turistar innom butikken enn i fjor.
- Landskapsparken: Den treng litt input og impulsar for å halde opp eit godt nivå på aktivitetar. Kulturhistorisk utstilling har hatt litt færre besøkande enn i fjor. Marna har hjulpet til med å organisere «pakkar» for grupper, og dette er eit viktig tiltak.
- Bjørkhaug Overnatting: Totalt sett om lag same omsetning som i fjor. God kontakt med Kramsjø, tek inn gjester på Kramsjø når dei er fulle. Også godt samarbeid med Vassel Gard. Vil halde fram og utvikle huset – t.d. med frukost.
- Husflidskrokjen: Omsetjing går ned, og det er vanskeleg å dekkje utgiftene. Dei frivillige veit ofte ikkje om når det kjem grupper og liknande til bygda, men når dei har butikken open og det skjer, har dei ofte godt sal. Behov for kommunikasjon! Løysinga med betalingsterminal går ut neste år og er dyr å fornye. Finst det rimelegare alternativ, og / eller støtte til fornying?
- Jondal kommune vil som vanleg gjennomføre ei spørjeundersøking til dei som har leigd ut til turistar. Det generelle inntrykket er at det er for lite sengeplassar i den mest travle tida. Kommunen skal ha felles reiselivsmøte 20 oktober. Det har vore reiselivslag i kommunen før, og det kan bli vakt til live igjen. Lag i andre bygder (Røldal) har veldig god aktivitet.
- Juklafjord (turistinformasjonen): Ytra ynskje om betre samhandling. Kommunikasjonen kan bli betre, og dei bør ha prøvd ut våre tilbod.
- Bygdelaget: Kulturhuset er eit senter som bør marknadsførast betre. Kan nyttast av større grupper for både møter og måltidsservering, men det vil vere nødvendig med arbeidskraft for å lage mat.
- Bakketun overnatting: Omtrent som i fjor, men har ikkje kunna tilbode Gamlehuset for overnatting i år. Mange vil til Fonna, få til Trolltunga.

Kommentarer og informasjon om enkelte tiltak i **feit skrift**:

- Sykkelruter: Det bør vere ein **høgdeprofil på nettsidene** som promoterer turane, og dei som anbefaler desse til turistane bør vere klar over at der er mange motbakkar. Mange som tek turen er heilt uvitande om at det er kupert. **Informert Kramsjø** og foreslå at dei ordnar det.
- Bilturistar: Det blir reklamert mykje for Nasjonale Turistveggar av sentrale styresmakter, og det haustar vi fruktene av.
- Båthamna har vore utvida og utbetra, og det har vore viktig. Den er stadig svært populær.
- Praktisk hjelp til utleige: **Jondal Hotell kan organisere utleige og reinhald** dersom nokon vil leige ut gjennom Norway-Fjordhytter.
- Generelt viktig med god kommunikasjon mellom tilbydarar av tenester (husvertar) og turistinformasjon og liknande – Juklafjord, Reisemål Hardangerfjord. **Ver aktiv ved oppstart av sesongen, delta på infomøte og liknande, og inviter tilsette på turistkontor på besøk for å bli kjent med tilbod.**
- Kommunikasjon internt mellom tilbydarar av tenester: Viktig for å utnytte ledig kapasitet hos kvarandre, og vite om ting som skjer. Nettside? Epost-adresseliste? Facebook? **Vurder oppgradering av herand.no / herandlandskapspark.no, bruk den til dette**
- Kommunikasjon utad om det som skjer – **dataskjerm med presentasjon som står og går** – til dømes på butikken? Ta kontakt med kommunen og spør etter initiativ på digitaliserte informasjonstenester, om vi kan hekte oss på.
- Kulturhistorisk utstilling: Kan den utvidast med t.d. **film omkring båtbygging?** Det er dyrt å fornye utstillinga. Ta vidare i landskapsparkgruppa.
- **Samordne nettsidene for landskapsparken og bygdelaget**, sjå ovanfor.
- Kramsjø: **Informere på førehand om tidspunkt for opning og stenging** for sesongen. Er behov for opningstid lenger utover hausten. **Snakk med Kramsjø.**
- Sesongen for bussruta Herand kai – Fonna bør samsvare med opningstida for Fonna. Dette blir teke opp av kommunen.
- Pass på at fellesområdet rundt kaia er i god stand tidleg i sesongen.
- Behov for meir parkeringsplassar – **bygdelaget vil ta det opp med kommunen**
- **Lage kart / teikning over interessante plassar og turstiar** for Herand – landskapsparken har hatt det ute som oppdrag, men enno ikkje fullført. **Undersøk om det kan fullførast, finn eventuelt andre som kan ta det.**
- 30. september er det ein «**Liv og lyst**»-konferanse i Bergen om utvikling av bygder. Sigrid oppmodar oss til å delta. **Marna Roer, Reidun Haugen Dalseth og Gunnar Dalseth reiser.**
- Bygdelaget har hatt oppe ein plakat i sommar på butikken der folk har kunne melde inn forslag til aktivitetar og liknande. Nokre av desse er idrettsaktivitetar som vil bli formidla til idrettslaget. Andre er nemnt ovanfor. **Orienter idrettslaget om idear som kom fram.**